



# NOREGS HØGSTERETT

Den 18. oktober 2017 sa Høgsterett dom i

**HR-2017-1978-A, (sak nr. 2017/1268), straffesak, anke over dom,**

A (advokat John Christian Elden)

mot

Den offentlege påtalemakta (statsadvokat Erik Førde)

## R Ø Y S T I N G :

- (1) Dommar **Høgetveit Berg**: Saka gjeld lovtolking knytt til deltakarlova § 4 og straffutmåling etter ulovleg hummarfiske og brot på våpenlova.
- (2) Oslo statsadvokatembete tok ut tiltale 26. februar 2016 mot A, fødd 00.00.1935, for brot på:

"I Havressursloven § 61 jf § 16 jf forskrift om utøvelse av fisket i sjøen § 34a første ledd  
for å ha fanget hummer i nedenfor nevnte områder og tidsrom:  
a) På kyststrekningen fra grensen mot Sverige til og med Sogn og Fjordane fylke fra og med 1. januar til 1. oktober kl. 0800 og fra og med 1. desember til og med 31. desember.

Grunnlag er følgende forhold eller medvirkning til dette:

Forut for onsdag 15. juli 2015 i X, fisket han hummer i hummerfredningstiden. Ved kontroll den 15. juli 2015 fant man i hans samlenett tilsammen 23 hummer.

II Havressursloven § 61 jf § 16 annet ledd jf forskrift om utøvelse av fisket i sjøen § 34a tredje ledd  
Havressursloven § 16, hvoretter departementet kan fastsette forskrifter om forbud eller regulering av fangst, fangstmetoder eller bruk av redskaper, jf forskrift om utøvelse av fisket i sjøen, § 34a (3) hvoretter det er forbudt å fange hummer som bærer utvendig rogn (rognhummer).

Grunnlag:

Til tid og på sted som nevnt i post I, forholdt han seg som der beskrevet, og fire av hummerne bar utvendig rogn.

- III Havressursloven § 61 jf § 16 annet ledd jf forskrift om utøvelse av fisket i sjøen § 43 nr 32  
 Havressursloven § 16, hvoretter departementet kan fastsette forskrifter om forbud eller regulering av fangst, fangstmetoder eller bruk av redskaper, jf forskrift om utøvelse av fisket i sjøen, § 43, nr 32 hvoretter det er forbudt å fiske hummer som er mindre enn 25 cm.
- Grunnlag:  
 Til tid og på sted som i post I, forholdt han seg som der beskrevet, og ni av hummerne var under minstemålet. De målte henholdsvis 24,5 cm, 23 cm, 22 cm, 24 cm, 24,5 cm, 22 cm, 23,5 cm, 23 cm, og 24,5 cm.
- IV Havressursloven § 61 jf § 16 jf forskrift om utøvelse av fisket i sjøen § 34a fjerde ledd  
 Fra og med 1. januar til 1. oktober kl. 08.00 er det forbudt å oppbevare hummer i sjøen.
- Grunnlag:  
 Til tid og på sted som nevnt i post I, forholdt han seg som der beskrevet, og hummeren ble oppbevart i sankenett nedsenket ved brygga som hans båt lå fortøyd ved.
- V Havressursloven § 61 jf § 16 annet ledd jf forskrift om utøvelse av fisket i sjøen § 33 første ledd  
 Havressursloven § 16, hvoretter departementet kan fastsette forskrifter om forbud eller regulering av fangst, fangstmetoder eller bruk av redskaper, jfr. forskrift av 22.12.2004 nr 1878 om utøvelse av fisket i sjøen, § 33 (1) hvoretter hummer bare kan fiskes med teiner.
- Grunnlag:  
 Forut for onsdag 15. juli 2015 kl. 11.45 i Oslofjorden, fisket han hummer ved bruk av garn.
- VI Havressursloven § 60 jf § 22 første ledd  
 for å ha fisket med forbudt redskap eller i tidsrom der særskilt fangsredskap er forbudt.  
 jf. forskrift om utøvelse av fisket i sjøen § 33b hvoretter det på strekningen fra svenskegrensen til og med Møre og Romsdal fylke, i tiden fra og med 1. mai til 31. desember er forbudt å sette ut ruser.
- Grunnlag:  
 Fredag 7. august 2015 ca. kl. 21.40 ved Y i X, fisket han med åleruser.
- VII Deltakerloven § 31 annet ledd jf første ledd jf § 4 annet ledd  
 hvoretter andre enn den fysiske eller juridiske person som innehar ervervstillatelse til fartøy ikke kan drive fangst eller fiske med fartøyet uten egen tillatelse.
- Grunnlag:  
 Forut for onsdag 15. juli 2015 i Z i X, hadde han påført fiskerimerket Ø-62-F på en hvit plastsjark uten ervervstillatelse. Fartøyet som er meldt til registrering i merkeregisteret er en trebåt med største lengde 8,53 meter.
- VIII Våpenloven § 33 første ledd annet punktum jf tredje ledd jf § 8 første ledd  
 for å ha eiet eller innehatt skytevåpen uten tillatelse fra politimesteren (våpenkort).

Grunnlag:

Onsdag 15. juli 2015 kl. 12.38 på bopel i Æ i X, var han i besittelse av en toløps hagle, uten at han hadde den nødvendige tillatelse til dette.

**IX Våpenloven § 33 første ledd første punktum jf tredje ledd jf § 27 a første ledd jf våpenforskriften § 79**

for å ha overtrådt bestemmelsen om at registrert skytevåpen eller en vital våpendel samt ammunisjon skal oppbevares forsvarlig nedlåst i godkjent sikkerhetsskap.

**Grunnlag:**

Onsdag 15. juli 2015 kl. 11.45 i Æ i X, oppbevarte han en toløpet hagle i sin garasje, som til tider stod ulåst."

(3) Fredrikstad tingrett sa 19. mai 2016 dom med slik domsslutning:

- "1. A, født 00.00.1935, dømmes for overtredelse av havressursloven § 61 jf § 16 jf forskrift om utøvelse av fisket i sjøen § 34 a første ledd, havressursloven § 61 jf § 16 annet ledd jf forskrift om utøvelse av fisket i sjøen § 34 a tredje ledd, havressursloven § 61 jf § 16 annet ledd jf forskrift om utøvelse av fisket i sjøen § 43 nr. 32, havressursloven § 61 jf § 16 jf forskrift om utøvelse av fisket i sjøen § 34a fjerde ledd, havressursloven § 61 jf § 16 annet ledd jf forskrift om utøvelse av fisket i sjøen § 33 første ledd, havressursloven § 60 jf § 22 første ledd, deltakerloven § 31 annet ledd jf første ledd jf § 4 annet ledd, våpenloven § 33 første ledd annet punktum jf tredje ledd jf § 8 første ledd og våpenloven § 33 første ledd første punktum jf tredje ledd jf § 27 a første ledd jf våpenforskriften § 79 til fengsel i 50 – femti – dager. Straffeloven (1902) § 61, § 62 og § 63 annet ledd er anvendt. Varetekt kommer til fradrag med 2 – to – dager.
2. A fradømmes retten til å utøve fiske for alltid og strykes fra fiskermanntallet, jf. straffeloven (1902) § 29 første ledd litra b.
3. A dømmes i medhold av straffeloven (1902) § 35 annet ledd til å tåle inndragning av jolle med motor, beslaglagte fiskeredskaper og en hagle.
4. A dømmes til å dekke statens nødvendige omkostninger med saken med 20 000 - tjuetusen - kroner."

(4) A anka dommen til Borgarting lagmannsrett. Anken gjaldt provvurderinga og lovbruken under skuldspørsmålet for postane VI, VII og VIII i tiltalen, reaksjonsfastsetjinga og inndraginga. Lagmannsretten nekta å fremja anken for postane VI og VIII.

(5) Borgarting lagmannsrett sa 24. april 2017 dom med slik domsslutning:

- "1. A, født 00.00.1935, dømmes for overtredelse av deltakerloven § 4 andre ledd, jf. § 31 første ledd, og for de forhold som er endelig avgjort ved Fredrikstad tingretts dom 19. mai 2016, jf. straffeloven (1902) §§ 62 første ledd og 63 andre ledd, til fengsel i 30 – tretti – dager. Varetekt kommer til fradrag med 2 – to – dager.
2. A, født 00.00.1935, fradømmes retten til å utøve fiske og fangst for alltid med unntak av fiske med stang og snøre, jf. straffeloven (1902) § 29 første ledd bokstav b.
3. A, født 00.00.1935, må tåle inndragning til fordel for statskassen av 25 – tjuefem – åluser og en jolle med påhengsmotor, jf. straffeloven (1902) § 35 andre ledd.

4. **A, født 00.00.1935, dømmes til å betale saksomkostninger for tingretten med 5 000 – femtusen – kroner.**

5. **Saksomkostninger for lagmannsretten idømmes ikke."**

(6) A har anka til Høgsterett. Anken gjeld lagmannsrettens lovbruk knytt til post VII i tiltalen, straffutmålinga – medrekna rettighetstapet – og inndraginga. Påtalemakta har lagt ned påstand om strengare straff.

(7) *Eg er komen til at anken over lovbruken fører fram, og at anken over straffutmålinga delvis fører fram.*

(8) Eg ser først på lovbruksspørsmålet knytt til deltakarlova § 4, det vil seie post VII i tiltalen.

(9) Yrkesfiske – "ervervsmessig fiske og fangst" – er definert i deltakarlova § 3 første ledd:

**"Med ervervsmessig fiske og fangst menes i denne lov all høsting av viltlevende marine ressurser når vedkommende yrkesutøver har dette til levevei alene eller sammen med annen næring og hvor fartøy nyttes."**

(10) Deltakarlova § 3 tredje ledd inneheld ein forskriftsheimel for å gje nærare reglar om "når fiske og fangst skal anses for å være ervervsmessig, herunder regler om krav til inntekt opptjent ved fiske og fangst". Slik forskrift er gjeven, sjå forskrift om ervervstillatelse, registrering og merking av fiskefartøy mv. (ervervstillatelsesforskriften) 7. desember 2012 nr. 1144. Forskrifta § 1 første ledd første punktum slår fast:

**"Det foreligger ervervsmessig fiske og fangst i deltakerlovens forstand dersom en person eller et foretak fisker og omsetter fangst for mer enn kr 50 000 i løpet av et kalenderår, jf. deltakerloven § 3 tredje ledd."**

(11) For å drive "ervervsmessig fiske eller fangst" med fiskefartøy, er det eit vilkår at ein har ervervsløyve etter deltakarlova § 4 første og andre ledd:

**"Et fartøy kan ikke nyttes til ervervsmessig fiske eller fangst uten at det er gitt ervervstillatelse av departementet. Det kan fastsettes vilkår for slik tillatelse.**

**Ervervstillatelse gis til fartøyets eier for ett bestemt fartøy. Tillatelsen gir ikke rett til å benytte annet fartøy. ..."**

(12) A fekk i si tid ervervsløyve knytt til tresjarken Ø. Fartøyet hadde fiskerimerket Ø-0062-F. Lagmannsretten har lagt til grunn at denne tresjarken sokk i 2011, men at A før forliset hadde flytta fiskerimerket over på ein plasticsjark som sonen hans eigde, men som A disponerte. Sonen hadde ikkje søkt om ervervsløyve for plasticsjarken. A hadde heller ikkje søkt om å overføre ervervsløyvet frå tresjarken til plasticsjarken.

(13) Deltakarlova § 10 slår fast at ervervsløyvet fell bort når eigaren taper eiendomsretten til fartøyet, medrekna etter forlis. Regelen er omtalt i Ot.prp. nr. 67 (1997–1998) side 47:

**"Paragrafen slår fast at en ervervstillatelse faller bort når eieren taper eiendomsretten til fartøyet. Dette er en følge av at en tillatelse er knyttet til eier og fartøy, jfr. § 4 annet ledd og § 15 første ledd. Dette gjelder for eksempel ved tvangssalg, kondemnering og forlis. Tillatelsen må i slike tilfeller anses umiddelbart bortfalt. Ved forlis vil rederiet likevel, om vilkårene for øvrig er oppfylt, normalt bli gitt ervervstillatelse for et fartøy**

**til erstatning for det forliste. Departementet kan fastsette frist for slik gjenanskaffelse av fartøy. Dette endrer imidlertid ikke det prinsipielle utgangspunkt med hensyn til at tillatelsen, ettersom den er knyttet til ett konkret fartøy, er bortfalt i og med forliset. ..."**

- (14) Etter at Ø sokk – noko lagmannsretten som nemnd har lagt til grunn at skjedde i 2011 – har A ikkje hatt ervervsløyve knytt til noko fartøy. Det forholdet at han også etter forliset har betalt årleg avgift for merkeregistreringa, endrar ikkje dette. Det gjer heller ikkje det forholdet at Fiskeridirektoratet først i 2017 vedtok å tilbakekalle ervervsløyvet – som følgje av at A i 2016 vart sletta frå fiskarmanntalet frå og med 1. januar 2017. Eigar av fartøy har plikt til å melde frå om ei kvar endring, medrekna forlis, jf. forskrifta § 14 første ledd andre punktum. Det er ikkje opplyst om forliset var meldt til fiskeristyresmaktene. Manglande melding om forliset kan forklare kvifor direktoratet trefte vedtak først i 2017, men det kan ikkje få den konsekvensen at løyvet ikkje fall bort ved forliset.
- (15) A er tiltalt etter deltakarlova § 31 andre ledd, jf. første ledd, jf. § 4 andre ledd. Grunnlaget for tiltalen er ikkje at han har fiska utan ervervsløyve frå sonens plastsjark, men at han har påført fiskerimerket Ø-0062-F på denne sjarken. Deltakarlova § 4 regulerer ikkje noko anna enn utøvinga av fisket. Eg kan ikkje sjå at påføring av fiskerimerket på eit fartøy merket ikkje høyrer til, er ei krenking av deltakarlova § 4.
- (16) Aktor har for Høgsterett presisert at post VII i tiltalen må forståast slik at A er tiltalt for å ha fiska frå feil fartøy – altså frå ein sjark han ikkje hadde ervervsløyve til å nytte.
- (17) Heller ikkje om ein les tiltalen på denne måten vil det vera grunnlag for å dømme A for brot på deltakarlova § 4. Som nemnd over, krev ervervsløyveforskrifta § 1, jf. deltakarlova § 3, at det blir fiska og omsett fangst for 50 000 kroner i eit kalenderår for at det skal reknast som "ervervsmessig". I 2011 leverte A fisk for ca. 95 000 kroner, medan han i 2012, 2013 og 2014 leverte fisk for høvesvis ca. 23 000 kroner, 15 500 kroner og ca. 2 000 kroner. For første halvdel av 2015 leverte han ikkje fisk. A har difor ikkje drive "ervervsmessig" fiske etter utløpet av 2011. Det har då heller ikkje vore noko krav om ervervsløyve for As fiske – med plastsjarken eller noko anna fartøy – etter kalenderåret 2011. For 2012 til 2015 ligg det då ikkje føre brot på deltakarlova § 4. Moglege brot på deltakarlova § 4 i 2011 eller tidlegare er ut frå dåtidas lovgjeving forelda, jf. straffelova (1902) § 67 første ledd.
- (18) Etter dette må A frifinnast for post VII i tiltalen.
- (19) Eg går så over til straffutmålinga.
- (20) Det skal utmålast straff for dei forholda som er endeleg avgjort ved Fredrikstad tingretts dom 19. mai 2016. Det er tale om seks brot på havressurslova og to brot på våpenlova. Fem av brota på havressurslova gjeld den same hendinga: A fiska 23 humrar i fredingstida. Fire bar utvendig rogn. Ni var under mistemålet. Humrane var fiska med garn – og deretter oppbevart i senkenett i sjøen. Det siste brotet på havressurslova gjeld eitt tilfelle av fiske med åleruser utanfor lovleg sesong. Brota på våpenlova gjeld innehav av ei hagle utan løyve og uforsvarleg oppbevaring av hagla.
- (21) Brot på reglane om gjennomføring av hausting blir straffa med bøter eller fengsel i inntil eitt år, jf. havressurslova § 61, jf. § 16 andre ledd. Eg finn det tenleg å ta utgangspunkt i førearbeida til havressurslova – Ot.prp. nr. 20 (2007–2008) side 163–164:

"Strafferammene i havressurslova bør vere samanliknbare med strafferammene i andre naturressurslover. Det kan vere mogleg å oppnå betydeleg økonomisk gevinst ved brot på fiskerilovgjevinga – og i dei fleste tilfelle mykje høgre enn ved brot på andre naturressurslover. Døme på dette er landing av fisk som ikkje vert avrekna fartøya sine kvotar og anna hausting i strid med reglar, som gjev dei som bryt reglane store fordelar samanlikna med dei som held reglane om ressursuttaket.

Departementet meiner vidare at strafferamma bør vere så høg at det har ein vesentleg allmennpreventiv verknad. Sjølv om ressurskontroll er ei prioritert oppgåve for styresmaktene, vil midlane til kontroll vere avgrensa, og ein del av ressurskontrollmekanismen må liggje i den allmennpreventive verknaden i straffeføresegnene. Dette må også sjåast i samheng med den skjerpa haldninga lovgjevar viser overfor miljøkriminaliteten, særleg gjennom vedtaket i straffelova § 152 b. Departementet meiner difor det er grunn til å heve strafferammene i tråd med utvalet sitt forslag. Strafferamma må også sjåast i samheng med avkriminalisering av enkelte lovbrott og bruk av administrative sanksjonar, jf. nedanfor.

Justisdepartementet har uttalt at dei ikkje er overtydde om at grunnleggjande til utvalet er tilstrekkeleg for å heve strafferamma frå 2 til 3 år, og viser til at naturmangfaldlova også vil kunne brukast på ressursar i havet.

Departementet har vurdert dette, men kome til at ei slik løysing ikkje er tenleg. Havressurslova inneheld dei viktigaste føresegnene om, og regulerer haustinga av, viltlevande marine ressursar. Sjølv om naturmangfaldlova også vil omfatte ressursar i havet innanfor det geografiske verkeområdet for lova, er det tenleg om havressurslova i størst mogleg grad inneheld strafferammene for brot på lova. Departementet meiner vidare det vil vere eit uheldig signal dersom alvorlege brot på havressurslova ikkje skal kunne straffast like strengt som brot på naturmangfaldlova.

Då strafferamma i saltvassfiskeleva vart utvida frå 6 månader til 1 år i 2001, uttalte departementet følgjande om straffenivået og bruken av strafferammene i Ot.prp. nr. 92 (2000–2001):

'Videre er det slik at strafferammene som settes for ulike typer lovbrudd, sier noe om samfunnets syn på straffverdigheten ved lovbruddet. Her er det departementets syn at det ikke har vært samsvar mellom straffverdigheten, når man ser hen til den betydning fiskerinæringen har fått og skal ha for samfunnet som helhet, og den betydning en ansvarlig, bærekraftig forvaltning av fiskebestandene har for videreutviklingen av næringen, og saltvannsfiskelevens strafferamme. ... Det er departementets syn at domstolene aktivt bør nytte den strafferammen som nå står til disposisjon, i det straffenivået må nyttas til å signalisere både et generelt strengt syn fra samfunnets side på straffverdigheten i det som må betraktes som miljøkriminalitet og på den annen side ulikhetene i straffverdighet som faktisk vil foreligge mellom ulike overtredelser av loven. Dersom man skal få understreket denne ulikheten, krever det at domstolene faktisk nytter den forhøyede strafferammen til å skjerpe straffene for de alvorligste overtredelsene.'

Utvalet viser til at ein gjennomgang av rettspraksis etter lovendringa i 2001 syner at dei fleste brota på saltvassfiskeleva vert straffa med bøter, og at lovendringa i 2001 og ovannemnde merknader i forarbeida ikkje har ført til særleg endring i straffeutmålinga.

Departementet vil nok ein gong understreke at domstolane etter departementet sitt syn aktivt bør nytte den strafferamma som står til disposisjon ved behandling av saker om brot på reglane i eller i medhald av havressurslova. Departementet meiner domstolane bør skjerpe straffene for dei mest alvorlege lovbrota for å markere at samfunnet ser strengt på denne type lovbrott."

- (22) Eg legg etter dette til grunn at brot på haustingsreglane i havressurslova er ei form for miljøkriminalitet, og at allmennpreventive grunnar talar for ein streng reaksjon overfor det ulovlege hummarfisket A no er dømt for. Risikoen for å bli oppdaga er liten. Fangst av hummar – ikkje minst rognhummar og hummar under minstemålet – i fredingstida er eit alvorleg brot på reglane som er gjeve for å verne hummarbestanden.
- (23) I straffutmålinga har også Høgsteretts dom innteken i Rt-2011-10 tyding. Saka gjaldt straffutmåling etter ulovleg terrenginngrep i strandsona, men inneheld ei grunngeving som gjev rettleiing også i vår sak. Førstvoterande peikte på at det av allmennpreventive grunnar må reagerast strengt mot miljøkriminalitet, sjå avsnitt 17. Han peikte vidare på at behovet for strenge reaksjonar mot miljøkriminalitet kjem til syne i utviklinga i lovgjevinga dei seinare åra, medrekna det som i dag er Grunnlova § 112 og straffelova (2005) § 240, sjå avsnitta 19 til 22 i dommen. Behovet for å verne miljøet har ført til strengare straffereglar i ei rekkje særlover. Førstvoterande la til grunn at ein ved straffutmålinga må leggje vekt på den skjerpa haldninga til miljøkriminalitet. Dette utgangspunktet er følgd opp i seinare avgjerder, sjå mellom anna Rt-2015-636, HR-2016-1253-A og HR-2016-1857-A. Eg legg etter dette til grunn at straffenivået for miljøkriminalitet er skjerpa dei seinare åra – i tråd med klare signal frå lovgjevaren. Dette gjeld også brot på havressurslova.
- (24) A er tidlegare domfelt for ulovleg hummarfiske. I 2013 vart han dømt til fengsel i 18 dagar på vilkår med ei prøvetid på to år, samt ei bot på 20 000 kroner. I tillegg er A tidlegare bøtelagt fleire gonger for brot på mellom anna havressurslova. Saka no gjeld brot på havressurslova ved to ulike høve, og det siste lovbrotet skjedde etter at A hadde vedgått dei første lovbrota. Dette tilseier at det no må reagerast med vilkårslaust fengsel.
- (25) Det er klart skjerpande at A er dømt for brot på våpenlova, noko han også tidlegare er dømt for.
- (26) Det er formildande at A vedgjekk straffeskuld for postane I til V i tiltalen. Dette får likevel liten vekt ut frå provsituasjonen. Det same gjeld vedgåinga av straffeskuld for post IX i tiltalen.
- (27) A er no 82 år gamal. Etter straffelova (2005) § 78 bokstav g skal det i formildande retning takast omsyn til høg alder dersom straffereaksjonen av denne grunnen "vil bli en sterk belastning" for den domfelte. Det er ikkje peikt på omstende som gjer at soning av ei kortvarig fengselsstraff vil representere ei sterk belastning for A. Eg legg difor ikkje nemneverdig vekt på As alder.
- (28) Etter ei samla vurdering av forholda A er dømt for, og sett i samanheng med rettighetstapet som eg kjem attende til, meiner eg fengselsstraffa bør setjast til 21 dagar.
- (29) Eg nemner for ordens skuld at frifinninga for post VII i tiltalen ikkje har nemneverdig tyding for meg når eg har redusert fengselsstraffa i forhold til lagmannsrettens dom.
- (30) Eg går så over til spørsmålet om tap av retten til å drive fiske.
- (31) A er no for andre gongen domfelt for ulovleg hummarfiske. Han har brote ei rekkje reglar som gjeld for dette regulerte fisket og er også dømt for ulovleg fiske med åluser. For å verne mellom anna hummaren er det strenge reglar for fiske med ruser. Det er heilt

avgjerande for forvaltninga av hummarressursen at folket, og særleg fiskarar som haustar av ressursen i større skala, er lojale til regelverket. Dei forholda A er dømt for, viser at allmenne omsyn tilseier at han bør miste retten til fiske og fangst, jf. straffelova (1902) § 29 første ledd bokstav b. Lagmannsretten kom til at frådømming av retten til å utøve fiske og fangst for alltid – med unntak av fiske med stong og snøre – ikkje ville vera eit uforholdsmessig inngrep overfor A. Eg er samd i dette. Sett i samanheng med den utmålte fengselsstraffa og det forholdet at A for få år sidan vart dømt for tilsvarende forhold, meiner eg at det av omsyn til bestanden av hummar ikkje er tilstrekkeleg å reagere med eit tidsavgrensa rettighetstap. A vil framleis kunne hauste av dei marine ressursane som let seg fange med stong og snøre.

- (32) Anken over rettighetstapet må etter dette forkastast.
- (33) Eg går så over til spørsmålet om inndraging av ei jolle med påhengsmotor samt 25 åleruser.
- (34) Det lausøyret som er påstått inndrege, vart brukt ved det forholdet som er omfatta av post VI i tiltalen, jf. straffelova (1902) § 35 andre ledd. A er domfelt for ulovleg fiske med ålerusene. Sjølv om inndraging av jolla og påhengsmotoren vil ramme A, meiner eg det ut frå omstenda ikkje er urimeleg, då bruken av desse var av særleg tyding ved det straffbare forholdet. Ut frå føremålet, jf. også havressurslova § 1, meiner eg det er nødvendig å inndra ålerusene, jolla og påhengsmotoren til fordel for statskassa, jf. straffelova (1902) § 35 første ledd.
- (35) Anken over inndraginga må etter dette forkastast.
- (36) Eg røystar etter dette for slik

#### D O M :

1. A, fødd 00.00.1935, blir frifunnen for post VII i tiltalen.
2. I lagmannsrettens dom, domsslutninga punkt 1, blir det elles gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 21 – tjueein – dagar.

- (37) Dommer **Falch:** Jeg er i det vesentlige og i resultatet enig med førstvoterende.
- (38) Dommer **Indreberg:** Likeså.
- (39) Dommer **Bergsjø:** Likeså.
- (40) Dommer **Tønder:** Likeså.
- (41) Etter røystinga sa Høgsterett slik

#### D O M :



1. A, fødd 00.00.1935, blir frifunnen for post VII i tiltalen.
2. I lagmannsrettens dom, domsslutninga punkt 1, blir det elles gjort den endringa at straffa blir sett til fengsel i 21 – tjueein – dagar.

Rett utskrift blir stadfesta: